

## REFERAT MØTE I PROGRAMUTVAL MEDISIN

**Onsdag 6. juni 2018**

**Kl. 13.15 – 15.30**

**Sted: Rom 437 AHH**

**Tilstade:** Arne Tjølsen (leiar), Kari Indrekvam, Gunnar Høvding, Knut Teigen, Øystein Hetlevik, Olav Tenstad, Jan Gunnar Hatlebakk (vara), Thomas Mildestvedt (observatør, profesjonssøyla). **Studentar:** Solveig Benno Ski, Gard Aasmund S. Johanson, Anna Ovedie Ellevset

**Administrativt:** Evelyn Myrå Holmøy (referent)

**Ikkje tilstade:** Edvin Schei, Ole Jacob Møllerløyken, Nils-Halvdan Morken, Birger N. Lærum. **Studentar:** Kathrine Nyhus

---

- |    |   |
|----|---|
| I  | Godkjenning av innkalling og saksliste<br>Ingen kommentarar   |
| II | Referat frå førre møte 11. april 2018<br>Ingen kommentarar<br><br><b>Styrking av studentane si aktive rolle i PUM</b><br>- Undersøkinga "MFU-rapporten: bli hørt!"<br>MFU ønska å samle tilbakemeldingar frå studentane på ny studieplan. Undersøkinga vart distribuert via Skjemaker i perioden 14.-28. mai, 28,8 svarprosent.<br><br>Praksisperiodar blir framheva som den viktigaste læringsarenaen for studentane, TBL får også svært positive tilbakemeldingar. Studentane saknar momentlister. For spesialiserte spørsmål blir trekt fram som ulempe ved eksamen. 80% av studentane opplever at dei får individuell oppfølging «i liten grad» eller «ikkje i det hele tatt».<br><br>Diskusjon av resultatata i PUM dreidde seg mellom anna om formulering av eksamensoppgåver for MCQ, vi noterer oss at det framleis er naudsynt å halde fokus på å produsere fleire og gode MCQ-oppgåver. Det var òg ei drøfting av kva arenaar vi har for individuelle tilbakemeldingar: labkurs, Paskons modell med eldre studentar som gir studentane tilbakemelding og oppfølging, kan kanskje nyttast i fleire delar av studiet. |
-

Enkelte av tilbakemeldingane i undersøkinga ville nok ha kome uavhengig av implementering av ny studieplan. PUM ynskjer å få tilsendt data i etterkant av møtet. Eining for læring er interessert i undersøkinga og har hjelpt MFU.

### **Momentlister i alle fag**

MFUs oppfordring er at momentlister lagast for alle fag, for å få større oversikt over kva ein skal lære om eit fag. Læringsutbytebeskrivelsar (LUBer) er for generelle til at studentane skjønar kva dei skal lære. Dette har vore diskutert lenge. Studentane trekk fram hematologi og revmatologi som gode eksempel på momentlister.

Diskusjonen dreidde seg om vi har høve til å liste opp alt det ein skal kunne i grunnstudiet medisin. Det er interesse for å diskutere dette vidare i PUM og/eller i andre fora, for å få på plass momentlister/læringsmål i fleire fag. Utfordring å definere kor ein skal legge lista for læringsmål på lågare nivå i studiet, før studenten skal vere ferdig utlært i t.d. allmenmedisin. Diskuterte høvet for å få studentlisensar for alle lærebøkene i studiet elektronisk, for å lette studentanes tilgang på læremiddel.

14/18

### **VEDTAK: Hovudoppgåve medisin, revidert emneskildring**

Dekanatet har vedteke at dei vil opne for at arbeidet med hovudoppgåva skal kunne innebere tenesteinnovasjon eller entreprenørskap. Ei praktiske utfordring her er at rettleiar må ha praktisk kompetanse innan området for entreprenørskap og det er det ingen garanti for at rettleiarane har. Krav til dokumentasjon er endra for å tilpasse potensielle nye format for hovudoppgåve. Formelle krav er like som i den førre emneskildringa. Diskusjonen inkluderte spørsmål om økonomiske følger av endringa.

VEDTAK

*Emneskildringa for MEDOPPG vedtas som fremlagt.*

15/18

### **VEDTAK: Elektiv periode – emneskildringar**

Desse emna er under planlegging og vil gå første gang i elektiv periode 2019. Kommenterar som kom fram i møtet blir sendt til emneansvarlege.

PUM kommenterer antalsavgrensingar og ynskjer å be fleire av dei elektive emna utvide til fleire studentar.

ELMED214 – oppfordrast til å vurdere å dele studentane inn etter kunnskapsnivå.

ELMED312 – Det er eit generelt ynskje at ein ser meir praktisk kompetanse og meir skildring av praktiske aktivitetar

<p><b>VEDTAK</b></p>	<p>i dette emnet. Kan emneansvarleg vurdere å utvide til 4 veker og inkludere praksis på akutten? Kan ein inkludere førstehjelpstrening i emnet kanskje?  ELMED315 – kvifor må studentane ha gjennomført MED7? Er det for at studentane skal ha vore gjennom ØNH? Er det eit krav, eller er det tilrådde forkunnskapar å ha gjennomført ØNH-undervisning? Emneansvarleg bes om å vurdere å la emnet vere opne for alle studentane, eller opne for alle studentar i fjerde studieår (nedjustere til å ha fullført MED6).  ELMED316 – må få på plass ein emneansvarleg som er formelt tilknytt UiB.  ELMED317 – bør justere krav for obligatorisk oppmøte frå 100% til 80%. Rosast for studentpoliklinikkar.  ELMED320 – kun A-kull på siste år som vil ha høve til å ta dette emnet, bør oppfordrast til å nedjustere krav til forkunnskapar.</p> <p><i>PUM vedtar dei framlagte emneskildringane for følgande emne med føreslåtte endringar.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- ELMED214 Innføring i anestesi til kirurgiske pasientar</li> <li>- ELMED220 Aktivitet er medisin</li> <li>- ELMED312 Legevakt og akutt allmenntmedisin</li> <li>- ELMED315 Fordjuping i allergologi</li> <li>- ELMED316 Førebygging og behandling av rusproblem i allmennpraksis</li> <li>- ELMED317 Fordjupingskurs i endokrinologi</li> <li>- ELMED320 Tropiske infeksjonssjukdommar</li> </ul>
<p><b>16/18</b></p> <p><b>VEDTAK</b></p>	<p><b>VEDTAK: Retningslinjer for elektive periodar, tidspunkt</b>  Omgjering og spesifisering av vedtak i <a href="#">PUM 11.4.18</a>.  Retningslinjene vart vedtatt med ikrafttredelse frå kull 17.  Dette vedtaket føreslås endra til «frå kull 18» for paragraf 2b og 2c i retningslinjene.</p> <p><i>PUM vedtar at dei reviderte retningslinjene for elektiv periode skal gjelde frå kull 17, med unntak av paragraf 2b og 2c som gjeld frå kull 18.</i></p>
<p><b>17/18</b></p>	<p><b>VEDTAK: Mentorordninga i medisinstudiet</b>  Mentorordninga har vore gjennomført som pilotordning med mentorgrupper for 2.-5. studieår. Diskusjonen om ordninga har tidlegare mellom anna dreidd seg om varigheten for mentorgruppene, og kva studieår studentane skal ha mentorgrupper, 2.-3, eller 4.-5 studieår. Studentanes innvendingar er ynskjer om mentorgrupper ifbm praksisutplassering, og diskusjonen dreidde seg om ynsket</p>

<p><b>VEDTAK</b></p>	<p>om å møtast på dagtid. Det understrekest at mentorgruppene må ha lik praksis for registrering av fråvær.</p> <p>PUM føreslår å legge til denne setninga: <i>Mentorgruppene får sjølv bestemme tidspunkt for sine møter.</i></p> <p><i>Mentorordninga skal være ein fast og obligatorisk del av medisinstudiet. Programutval for medisinstudiet ønsker at mentorordninga organiserast og gjennomførast som skildra i saksforelegget under «Revidert mentorordning».</i></p> <p><i>Mentorgruppene får sjølv bestemme tidspunkt for sine møter. Vedtaket med kostnadsoverslag sendes til fakultetet.</i></p>
<p><b>18/18</b></p> <p><b>VEDTAK</b></p>	<p><b>VEDTAK: Kjernespørsmål til studentevaluering</b></p> <p>PUM ynskjer å legge til rette for forskning på studiet, for å kunne kartlegge kva som fungerer og ikkje i studiet. Emneansvarlege / semesterstyra har etterspurt eit sett med kjernespørsmål for evaluering av emna. Einig for læring, PU-leiar og ein representant frå fakultetet har utforma forslag til kjernespørsmål. Vi treng førebels eit betre system for distribusjon og analyse av data for ikkje å legge beslag på større ressursar enn naudsynt.</p> <p>Spørsmål 1b oppfattast som for «pedagogisk-teknisk» og føreset at studentane veit kva LUBer er, og det gjer dei ikkje nødvendigvis. Det diskuterast korleis og om ein skal sørge for at studentane veit kva LUB er. Diskusjon om vi får svar på det vi måler, og korleis vi skal få studentane til å svare, om det er høve for å få emneevaluering inn som obligatorisk arbeidskrav, og korleis å få spissa spørsmåla så mykje at semesterstyrene får noko konkret ut av det. Dei opne spørsmåla 12 og 13 sankar potensielt gode svar. Diskusjon av det beste tidspunktet for å sende ut evalueringa til studentane.</p> <p>STUND lagar også eigne evalueringar – desse bør slåast saman med semesterstyret si evalueringsundersøking (unngå at STUND og semesterstyret sender ut kvar si undersøking for undervisning i det same emnet).</p> <p>PUM anbefaler ei todelt evaluering, kor undervisninga blir vurdert i ei evaluering like etter undervisningslutt, og 2 eksamensspørsmål blir inkludert i eksamenssettet eller i ei seinare evaluering i etterkant av eksamen.</p> <p><i>Programutvalet vedtar forslaget til kjernespørsmål slik dei føreligg + med anbefalingar som kom fram i diskusjon i møtet.</i></p>

<p>19/18</p> <p>VEDTAK</p>	<p><b>VEDTAK: Fagansvarleg - rolle og mandat</b></p> <p>Organisering av fagansvarlege har utvikla seg som eit problem etter at ein i Ny Studieplan slo saman fleire ulike <i>fag</i> til større semesteremne. Det manglar framleis tydelege føringar for korleis undervisarar i same fag skal kunne vite kva studentane har hatt av undervisning. Utfordring med MED11 som har 25 fagansvarlege – det er ein munnfull å administrere. Ei løysing har vore å setje fokus på <i>tema</i>, og å understreke at fagansvarleg også har ansvar for å samarbeide med andre tema. Indremedisin og kirurgiske fag er spesielt utfordrande, fordi dei er spesielt store fag med fleire underinndelingar, og ikkje heilt tydelege skilje mellom underinndelingane.</p> <p>PUM etterspør ei skildring av rolla som temaansvarleg. Det var også etterlyst ein database med total oversikt over kva som blir undervisast av kven, når i studieplanen. Studieseksjonen har jobba med utvikling av eit slikt verkty våren 2018.</p> <p><i>Programutvalet går inn for at rolla som fagansvarleg i medisinstudiet får ei skildring i tråd med forslaget, justert etter innspel som framkom i møtet. Ei utvida skildring av fagansvarleg vil bli fremma for PUM i møte hausten 2018.</i></p>
<p>20/18</p> <p>VEDTAK</p>	<p><b>VEDTAK: MED10 revidert emneskildring</b></p> <p>PUM føreslår at semesterstyret legg til kort informasjon om kva type oppgåver eller element som skal inngå i mappevurderinga. Dette må vere informert på nett i forkant av semesterstart.</p> <p><i>Programutvalet vedtar den reviderte versjonen av emneskildringa for MED10 med endringar føreslått i møtet.</i></p>
<p>21/18</p>	<p><b>VEDTAK: MED12 emneskildring</b></p> <p>PUM diskuterer emneskildringa og kjem med forslag til endringar.</p> <p>Korte ned på LUB, særleg gjere «Generell kompetanse» kortare. Redaksjonelle endringar på kontaktinfo. Emneevaluering og emneansvarleg manglar. Flytte nasjonal delprøve frå vurderingsform til «obligatorisk undervisningsaktivitet». Skal OSKE vurderast som ein eigen eksamen, eller som ein del av semestereksamen, sjåast under eitt med vurderingsforma i MED11, ved å ta eksamenskarakteren ut frå MED11. Å ha to eksamenar, vil også lette handsaminga av «ny eksamen» i MED12, og at</p>

<b>VEDTAK</b>	<p>om studenten stryker i skriftleg eksamen, treng han ikkje gjennomføre OSKE igjen. PUM ynskjer ei ny vurdering av dette i semesterstyret, og ny handsaming i neste møte i PUM.</p> <p><i>Ikkje vedtak.</i></p>
<b>22/18</b>	<p><b>Møtedatoar hausten 2018</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- 12. september</li> <li>- 31. oktober</li> <li>- 12. desember</li> </ul> <p><i>Blir handsama per e-post.</i></p>
<b>23/18</b>	<p><b>Orientering: E-læringsportalen</b></p>
<b>24/18</b>	<p><b>MED11: revidert emneskildring</b></p> <p>Vart meldt inn like i forkant av møtet og sakspapir var ikkje meldt ut til programutvalet i forkant (distribuerast til PUM i etterkant av møtet). Endringa inneber å legge inn praktiske øvingar som del av mappevurderinga.</p> <p>Kva element som i det enkelte semester vil vere delar av utval element i mappa, må for semester til semester framgå på nett.</p>
<b>VEDTAK</b>	<p><i>Revidert emneskildring er vedtatt av programutvalet.</i></p>

---

## Orienteringar

- **Oppfølging av rammer for praksis og praksisretteiing i utdanningane - nasjonale føringar og lokale tiltak**

---

## Eventuelt

---

Arne Tjølsen  
Leiar PUM

Evelyn Myrå Holmøy  
Sekretær PUM

***Komande saker i PUM:***